ALVER
KOMMUNE

Kenneth Mads Steinmüller
Nordgardsvegen 32
5915 HJELMÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hogne Askeland | 20.08.2021 |
| Vår: 21/6500 - 21/55187 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

# Svar på dykkar melding om utslepp av kloakk i nedslagsfelt for drikkevatn

Vi viser til ditt brev datert 13.07.2021 der du melder om utslepp av kloakk/gråvatn i nedslagsfeltet for Sjausetvatnet. Du opplyser at utsleppet kjem frå ein fritidsbustad med adresse Nordgardsvegen 72.

Alver kommune er kjent med tilhøva på staden, eigedomen er registrert som fritidsbustad og eigar har ikkje folkeregisterregistrert adresse der.

Eigedomen har ikkje innlagt vatn, det er krane på utsida av fritidsbustaden. Eigar opplyser at vatn vert bore inn i fritidsbustaden. Utslepp av gråvatn som vert bore inn i ein bygning krev ikkje utsleppsløyve. Utslepp av gråvatn vert ikkje rekna som kloakk .

Det er Alver kommune si vurdering at utslepp av gråvatn til terreng er ei lovleg løysing så lenge det er vatn som vert bore inn i fritidsbustaden.

Kommunen er også informert om at eigar er i prosess om å få på plass eit gråvassreinseanlegg for å kunne legge inn vatn i fritidsbustaden.

Med helsing
Alver kommune Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Hogne Askeland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lise Kristine Viken | Hakset 17C O Sissel Heggertveit | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kenneth Mads Steinmüller | Nordgardsvegen 32 | 5915 | HJELMÅS |